

Vellukka fest i nye lokale

Nordnes bydelshus viste seg som eit eigna lokale for fest i BIF-en. Laurdag 13. februar samlast om lag 25 av klubben sine medlemmer seg til fest på Nordnes for første gong.

Lokalet var ikkje så stort, men stort nok ved dette frammøtet. Elin Grete Brekke Tveit, Eva Kjølør og Per Norseth leia dansen på ein fin måte, og folk såg ut til å kosa seg. Og dei som likar å studera seg sjølv i dansen, hadde høve til det, for den eine veggen i lokalet var dekkja med speglar.

Lokalet er litt dyrt, slik at viss ikkje klubben skal gå med underskot på festane, må nokre fleire møta fram neste gong.

Livar Aksnes



Se bilde på neste side

